

---

**Saksnr:** 2024/59704-77  
**Saksbehandlar:** Kristine Sunde Fauske

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		12.02.2025

**Fordeling av tilskot til friluftaktivitet 2025 (Kap 1420 post 78)**

## Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtek å løyve 2 990 000 kroner fordelt slik:

Nr	Søkjjar	Kommune/Område	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	4H Hordaland	Hordaland	Sanking skaper trivsel i naturen	0
2	4H Sogn og Fjordane	Sogn og Fjordane	Under open himmel 2025	0
3	Aktivt Pusterom AS	Kvam, Ullensvang	Sommerleir med friluftsliv i fokus 4.0	0
4	A-larm bruker og pårørende org. for åpenhet om rus og behandling	Bergen og Bjørnafjorden	Friluftaktiviteter i Bergen og Os	0
5	Askøy Fotballklubb	Askøy	Aktivitets fritidsordning	0
6	Askøy Fotballklubb	Askøy	Familiedagen 2025	0
7	Askøy MSK	Askøy	Askøy MSK Speider	50 000
8	Askøy Orienteringslag	Askøy	Stolpejakten Askøy 2025	25 000
9	Bergen Fridykkerklubb	Austrheim	Støtte til arrangement for ungdom og familier	50 000
10	Bergen og Hordaland Turlag	Voss, Vaksdal	Naturen som inkluderingsarena	100 000
11	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen, Alver, Bømlo	DNT tilrettelagt i Bergen og Hordaland turlag	80 000
12	Bergen og Omland Friluftsråd	BOF sine deltakarkommunar	Naturlos i BOFs deltakerkommuner	100 000
13	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Sommerleir på Herdla	50 000
14	Bergen Røde Kors	Bergen/ Vestland	Redd en tjommi	100 000
15	Breimsbygda IL	Gloppen	Skiskule	20 000
16	Etne Røde Kors	Etne	Camp Hjørnås	100 000
17	Eventyr i parken	Bergen, Vestland	Utendørs vandreteater	55 000
18	Fjordane Friluftsråd	Stryn, Askvoll	Friluftsvenn	75 000
19	Fjordane Friluftsråd	Medlemskommunar	Friluft Ung	75 000
20	Fjordane Friluftsråd	Bremanger	Friluftsskule	70 000

21	Fjordane Friluftsråd	Hyllestad	Friluftsskule	70 000
22	Fjordane Friluftsråd	Kinn	Friluftsskule	70 000
23	Fjordane Friluftsråd	Solund	Friluftsskule	60 000
24	Fjordane Friluftsråd	Stad	Friluftsskule	70 000
25	Fjordane Friluftsråd	Stryn	Friluftsskule	70 000
26	Fjordane Friluftsråd	Askvoll	Familien sin friluftsskule	45 000
27	Fjordane Friluftsråd	Bremanger	Familien sin friluftsskule	0
28	Fjordane Friluftsråd	Hyllestad	Familien sin friluftsskule	0
29	Fjordane Friluftsråd	Kinn	Familien sin friluftsskule	0
30	Fjordane Friluftsråd	Solund	Familien sin friluftsskule	0
31	Fjordane Friluftsråd	Stad	Familien sin friluftsskule	0
32	Fjordane Friluftsråd	Stryn	Familien sin friluftsskule	0
33	Foreningen Seglkutteren «Seladon»	Sunnhordland	Seglturar med seglkutteren «Seladon»	0
34	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Stikk UT! Sunnhordland 2025	0
35	Frelsesarméen	Askøy, Bergen, Kvam, Øygarden	Stedet og sesongene	30 000
36	Førde Idrettslag	Sunnfjord	Lavkost aktivitetstilbud for alle aldrar	0
37	Haugesund Turistforening	Etne	Naturlosturer 2025	0
38	Haugesund Turistforening	Rogaland	Friluftsliv for alle – hele året	0
39	Hordaland krins av Norges Speiderforbund	Bergen, Kvam	Mangfoldig friluftsliv for alle	65 000
40	Hordaland krins av Norges Speiderforbund	Bergen og omegn	Friluftsliv 2025	100 000
41	Hordaland Røde Kors	Vestland	Informasjonstiltak for økt friluftsliv	100 000
42	Idrett Bergen Sør	Bergen	Stolpejakten Bergen Sør 2025	60 000
43	Idrett Bergen Sør	Bergen	Feriepuls	100 000
44	Indre Sunnfjord Turlag	Sunnfjord	Bidra til auka deltaking i friluftsliv	50 000
45	Klenkarberget Sommarcamp	Stad	Klenkarberget Sommarcamp	20 000
46	Kvinnherad Turlag	Kvinnherad	Samarbeid Kvinnherad Turlag og Valfag friluftsliv	30 000
47	Landsforeningen for nyrepasienter og transplanterte, Vestland fylkeslag	Bergen	Bli bedre kjent i Bergen by via Stolpejakten	10 000
48	Latviesbu Biedriba Norvegija	Alver	3x3 familjestevne	0
49	Leikanger skytterlag	Sogndal	Feltskyting, skifelt og terrengløp med skyting	20 000
50	Luster turlag	Luster	FTU Luster	15 000
51	Miljøagentenes Fylkeslag Vestland	Vestland	Bli med Miljøagentene ut!	0
52	Modalen idrettslag	Modalen	Aktiviteter friluftslivets år	25 000
53	Norges Jeger- og fiskerforbund Hordaland	Bømlo, Austevoll	Ungdomsaktiviteter	10 000
54	Norges Jeger- og fiskerforbund Hordaland	Bergen, Askøy, Fedje, Voss, Samnanger	Kvinneaktiviteter	10 000
55	Norges Jeger- og fiskerforbund Sogn og Fjordane	Luster, Gloppen, Sunnfjord	Rekruttering til friluftsliv	55 000

56	Olden Idrettslag	Stryn	Natursti	0
57	Osterøy Jakt- og fiskelag	Osterøy	Garnfiske og fiskekultivering med barn og ungdom	30 000
58	Sogn Friluftsråd	Aurland	Friluftsskulen i Sogn 2025	50 000
59	Sogn Friluftsråd	Luster	Friluftsskulen i Sogn 2025	75 000
60	Sogn Friluftsråd	Lærdal	Friluftsskulen i Sogn 2025	75 000
61	Sogn Friluftsråd	Vik	Friluftsskulen i Sogn 2025	50 000
62	Sogn Friluftsråd	Årdal	Friluftsskulen i Sogn 2025	75 000
63	Sogn Friluftsråd	Sogndal	Friluftsskulen i Sogn 2025	100 000
64	Sogn Friluftsråd	Sogn	Turmat frå heile verden	0
65	Sogndal Idrettslag	Sogndal	Få fleire ut i naturen med kart	20 000
66	Sogn og fjordane Orienteringskrins	Sogn og Fjordane	Skulesprint og skule/ nærmiljøkart	100 000
67	Sogn og fjordane Orienteringskrins	Sogn og Fjordane	Fleire ut i naturen med leir- og turorientering	50 000
68	Sogn og Fjordane Røde Kors	Sogndal, Luster, Aurland, Gloppen	Til topps og lokale familiedager	100 000
69	Stiftinga Utladalen Naturhus	Årdal	Stiftinga Utladalen Naturhus	0
70	Søreide Speidergruppe	Bergen	Speiding i friluftsliv	50 000
71	Trivselsskogens venner	Gloppen	Ein rikare kvardag i fellesskap og friluftsliv	100 000
72	Troda 4H	Stad, Bremanger	Friluftshelgar med Troda 4H	50 000
73	Tjukkasgjengen	Vestland	Fra idé til aktivitet	0
74	Voss Røde Kors Lokalforening	Voss	Inngangsport til friluftsliv	30 000
	<b>Totalt</b>			<b>2 990 000</b>

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket.

Miljødirektoratet løyver årleg midlar til fylkeskommunane til vidare for deling. Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2025 frå post 460001, friluftsføremål (statleg ordning).

2. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering sett som krav til stønadsmottakarar at dei – der det lar seg gjere – legg ut sine aktivitetar på aktivitetskalenderen til Friluftslivets År.

### Samandrag

Føremål med tilskotsordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Målgruppa for ordninga er frivillige organisasjonar som er registrert i einingsregisteret og interkommunale friluftsråd som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv.

Vestland fylkeskommune er tildelt kr 2 990 000 frå Miljødirektoratet til vidare deling. Det er kome inn 74 søknadar, med ein samla søknadssum på kr 7 619 329.

Per Morten Ekerhovd  
direktør  
kultur og folkehelse (KFO)

Britt Karen Spjeld  
seksjonsleiar  
KFO - Fysisk aktivitet og inkludering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Vedlegg Tilskot til friluftaktivitet 2025
- 2 1. 4H Hordaland - Sanking skaper trivsel i naturen
- 3 2. 4H Sogn Og Fjordane - Under open himmel 2025
- 4 3. Aktivt pusterom AS - Sommerleir med friluftsliv i fokus 4.0
- 5 5. Askøy Fotballklubb - Aktivitets fritidsordning
- 6 6. Askøy Fotballklubb - Familiedagen 2025
- 7 7. Askøy MSK - Askøy MSK Speider
- 8 8. Askøy Orienteringslag - Stolpejakten Askøy 2025
- 9 9. Bergen Fridykkerklubb - Arrangement for ungdom og familier
- 10 10. Bergen og Hordaland Turlag - Naturen som inkluderingsarena
- 11 11. Bergen Og Hordaland Turlag - DNT tilrettelagt i Bergen og Hordaland Turlag
- 12 12. Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt oppgavefelleskap -Naturlos i BOFs deltakerkommuner
- 13 13. Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt oppgavefelleskap - Sommerleir på Herdla
- 14 14. Bergen Røde Kors - Redd en tjommi
- 15 15. Breimsbygda IL - Skiskule
- 16 16. Etne Røde Kors - Camp Hjørnås
- 17 17. Eventyr i Parken - Utendørs vandreteater
- 18 18. Fjordane Friluftsråd - Friluftsvenn
- 19 19. Fjordane Friluftsråd - FriluftUng
- 20 20. Fjordane friluftsråd - Friluftsskule Bremanger kommune
- 21 21. Fordane friluftsråd - Friluftsskule Hyllestad kommune
- 22 22. Fjordane friluftsråd - Friluftsskule Kinn kommune
- 23 23. Fjordane friluftsråd - Friluftsskule Solund kommune
- 24 24. Fjordane friluftsråd - Friluftsskule Stad kommune
- 25 25. Fjordane friluftsråd - Friluftsskule Stryn kommune
- 26 26. Fjordane Friluftsråd - Familien sin Friluftsskule Askvoll kommune
- 27 27. Fjordane friluftsråd - Familien sin Friluftsskule Bremanger kommune
- 28 28. Fjordane friluftsråd - Familien sin Friluftsskule Hyllestad kommune
- 29 29. Fjordane friluftsråd - Familien sin Friluftsskule Kinn kommune
- 30 30. Fjordane friluftsråd - Familien sin Friluftsskule Solund kommune
- 31 31. Fjordane friluftsråd - Familien sin Friluftsskule Stad kommune
- 32 32. Fjordane friluftsråd - Familien sin Friluftsskule Stryn kommune
- 33 33. Foreningen Seglkutteren Seladon - Seglturar med seglkutteren SELADON
- 34 34. Friluftsrådet Vest - Stikk UT! Sunnhordaland 2025
- 35 35. Frelsesarmeen - Stedet og sesongene
- 36 36. Førde idrettslag - Lavkost aktivitetstilbud for alle aldrar
- 37 37. Haugesund Turistforening - Naturlosturer 2025
- 38 38. Haugesund turistforening - Friluftsliv for alle
- 39 39. Hordaland Krins av Norges Speiderforbund - Mangfoldig friluftsliv vår
- 40 40. Hordaland Krins av Norges Speiderforbund - Friluftsliv 2025
- 41 41. Hordaland Røde Kors - Informasjonstiltak for økt friluftslivsaktivitet
- 42 42. Idrett Bergen sør - Stolpejakten Bergen Sør 2025
- 43 43. Idrett Bergen sør - Feriepuls
- 44 44. Indre Sunnfjord Turlag - Bidra til auka deltaking i friluftsliv
- 45 45. Klenkarberget Sommarcamp - aktivitetstilbud i sommarferien for barn
- 46 46. Kvinnherad Turlag - Samarbeid Kvinnherad Turlag og Valfag friluftsliv
- 47 47. Landsforeningen for nyrepasienter og transplanterte Vestland fylkeslag - Stolpejakten
- 48 48. Latviesu Biedriba Norvegija - Bergena - 3x3 familiestevne
- 49 49. Leikanger skyttarlag - Feltskyting, skifelt og terrengløp med skyting
- 50 50. Luster turlag - FTU Luster
- 51 51. Miljøagentenes Fylkeslag Vestland - Bli med Miljøagentene ut
- 52 52. Modalen Idrettslag - Aktiviteter Friluftslivets år
- 53 53. Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland - Ungdomsaktiviteter
- 54 54. Norges jeger-og fiskerforbund Hordaland - Kvinneaktiviteter
- 55 55. Norges jeger- og fiskerforbund Sogn og Fjordane - Rekruttering til friluftsliv
- 56 56. Olden idrettslag - Natursti
- 57 57. Osterøy Jakt og Fiskelag - Garnfiske og fiskekultivering med barn og ungdom
- 58 58. Sogn Friluftsråd, Kommunalt Oppgavefelleskap - Friluftsskolen i Sogn 2025 (Aurland)
- 59 4. A-larm bruker og pårørende organisasjonene på Rusfeltet - Friluftaktiviteter i Bergen og Os

- 60 60. Sogn Friluftsråd, Kommunalt Oppgåvefelleskap - Friluftsskolen i Sogn 2025 (Lærdal)
- 61 61. Sogn Friluftsråd, Kommunalt Oppgåvefelleskap - Friluftsskolen i Sogn 2025 (Vik)
- 62 62. Sogn Friluftsråd, Kommunalt Oppgåvefelleskap - Friluftsskolen i Sogn 2025 (Årdal)
- 63 63. Sogn Friluftsråd, Kommunalt Oppgåvefelleskap - Friluftsskolen i Sogn 2025
- 64 64. Sogn Friluftsråd, Kommunalt Oppgåvefelleskap - Turmat frå heile verden (Sogn)
- 65 65. Sogndal Idrettslag - Få flere ut i skogen med kart
- 66 66. Sogn og Fjordane Orienteringskrins - Skulesprint og skule\_nærmiljøkart
- 67 67. Sogn og Fjordane Orienteringskrins - Fleire ut i naturen med leir- og tur orientering
- 68 68. Sogn og Fjordane Røde Kors - Til Topps og Lokale Familiedager
- 69 69. Stiftinga Utladalen Naturhus - Stiftinga Utladalen Naturhus
- 70 70. Søreide speidergruppe - Speiding i friluftsliv
- 71 71. Trivselsskogens venner - Ein rikare kvardag i fellesskap og friluftsliv
- 72 72. Troda 4H - Friluftshelgar med Troda 4H
- 73 73. Tjukkasgjengen - Fra ide til aktivitet
- 74 59. Sogn Friluftsråd, Kommunalt Oppgåvefelleskap - Friluftsskolen i Sogn 2025 (Luster)
- 75 74. Voss Røde Kors lokalforening - Inngangsport til friluftsliv

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I 2025 er det teke i mot 74 søknadar om tilskot til friluftaktivitetar, med ein total søknadssum på kr 7 619 329. Vestland fylkeskommune er tildelt 2 990 000 kr til vidare fordeling frå Miljødirektoratet. Dette er ei auke frå fjoråret, då tildelinga var på 2 850 000 kr. Ramma er vesentleg lågare enn den totale søknadssummen. I fordelinga av midlar er det lagt vekt på geografisk spreing i tillegg til dei fastsette kriteria.

Tilskotsmidlane skal primært nyttast til tiltak som stimulerer til direkte friluftaktivitet. Dette kan til dømes vere organiserte turar, praktiske kurs, friluftleirar eller enkelt utstyr som medverkar til å auke friluftaktivitetane, som til dømes fiskestenger og kompass. Det kan ikkje gis tilskot til utstyrsbankar eller lag og foreiningar som vil supplere sitt utstyrslager.

Klima- og miljødepartementet sine føringar ligg til grunn for vurderingane. Fylkeskommunale tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale kostnadene for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil kr 300,- per time). Det vert ikkje løyvd tilskot til tiltak der ein kan søke spelemidlar eller til drift.

I 2025 er det Friluftslivets År 2025. Målet er å få ei varig auka deltaking i friluftslivsaktivitetar i Vestland. Markeringa skal stimulere til eit større fokus på rekruttering og inkludering i allereie eksisterande tiltak, og ei betre samhandling mellom ulike aktørar når det gjeld tilrettelegging for aktivitetar. Norsk Friluftsliv har laga ein [aktivitetskalender](#) på nett som direktør sterkt oppmodar alle tilskotsmottakarar til å legge inn sine aktivitetar. Der får ein informasjon om aktivitetar i heile landet og den bidreg til at aktørane kan la seg inspirere av, og læra av, kvarandre. Arrangementa kan sorterast på fylke og kommune.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3, kulepunkt 2, fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

### Medverknad

Saka har ikkje vore sendt til medverknadsorgana grunna tidsramme for sakshandsaming. Melding om ramme for ordninga blei sendt av Miljødirektoratet 28.01.25, og det har ikkje vore tid til å sende saka til rådshandsaming før handsaming i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Saka sendast som orienteringssak til råda etter handsaming i hovudutval.

### Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Generelt:	
Tildelt frå Miljødirektoratet til vidare fordeling i 2024:	Kr 2 850 000
Totalt til fordeling 2025:	Kr 2 990 000
Søknadsfrist 2025:	01.12.2024
Vedtaks kriteria:	<a href="#">Rundskriv T-1/20</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-friluftaktivitet-kap.-1420-post-78/">https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-friluftaktivitet-kap.-1420-post-78/</a>
Tal på søknadar:	74
Tal på søknadar innstilt til støtte:	51
Samla søknadssum:	7 619 329

## Vurderingar og verknader

### Absolutte kriteria:

- Søknadsfristen 1. desember 2024
- Det er frivillige organisasjonar som er registrert i enhetsregisteret og interkommunale friluftsråd som kan søke på denne ordninga.
- 50% eigenfinansiering/ressursar
- Prosjekta vert støtta med tilskot mellom 10 000 og 100 000 kr.

### Desse tiltaka skal prioriterast i tildelinga:

- Aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper.
- Tiltak som blir gjennomført i nærmiljøet, med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid.
- Tiltak retta mot personar som er lite fysisk aktive.
- Tiltak retta mot barn, unge og barnefamiliar.
- Tiltak retta mot personar med nedsett funksjonsevne.
- Tiltak som fører til auka deltaking i friluftsliv blant personar med innvandrarbakgrunn, herunder friluftslivstiltak som fører til auka integrering av personar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles.

Tiltak som har fått tilskot i tre år eller meir vert ikkje prioritert.

### Administrative/økonomiske konsekvensar:

Det er Miljødirektoratet som løyver midlar til fylkeskommunane vidare for fordeling. Løyvingane vert dekt innanfor Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2025 frå post 460001, friluftsføremål (statleg ordning).

### Klima:

Direktøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har vesentleg klimaavtrykk. Dei fleste tiltaka bidreg til å skape auka bevisstgjerjing rundt natur, klima og miljø.

### Folkehelse:

Fysisk aktivitet og friluftsliv påverkar folkehelsa positivt. Friluftslivet opplevast som ein god kjelde til aktivitet i mange alders- og befolkningsgrupper, og lågterskel aktivitet i naturen er difor eit unikt verkemiddel for å fremje fysisk aktivitet i befolkninga. Å vere fysisk aktiv i naturen er den aktiviteten nordmenn oppgjer at dei ynskjer å gjere meir av (Helsedirektoratet 2014). Blant ulike former for fysisk aktivitet er friluftaktivitetar dei som syner størst grad av sosial likskap i deltaking (Breivik og Rafoss, 2017) Dette underbygger at friluftsliv utjamnar sosiale forskjellar og at denne ordninga er spesielt viktig for barn, unge og andre som treng tilrettelegging for å delta i friluftslivet.

### Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi):

Å legge til rette for godt tilrettelagte friluftslivsområde i nærleiken av der folk bur fell inn under strategi 5 i utviklingsplanen: Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.

Friluftsliv er den vanlegaste forma for fysisk aktivitet i fritida og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å legge til rette for at flest mogleg kan gå på tur og drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur, bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse. Eit godt friluftslivstilbod og tilgjengelege turområde bidreg til attraktive lokalsamfunn og bulyst.

Mange av tiltaka har fokus på kvardagsaktivitetar i nærmiljøet. Dei er med på å utjamne sosiale skille, auke livskvalitet for folk i Vestland og bidra til inkludering og integrering, og byggjer såleis opp under måla i utviklingsplanen.

### Konklusjon

Direktøren viser til drøftingane ovanfor og tilrår hovudutval for kultur, idrett og inkludering til å gjere vedtak i tråd med framlegget og slik det går fram av tabellen.